

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLAR SINE KOMMENTARAR TIL MERKNADAR OG UTTALELSAR - VARSEL OM OPPSTART

|                        |   |
|------------------------|---|
| <b>Plannamn</b>        | Galteråsen næring gnr.137 bnr. 832 mfl. i Alver kommune |
| <b>Arealplan-ID</b>    | 4631_2021002  |
| <b>Saksnummer</b>      | 20/1470   |
| <b>Utarbeidd av</b>    | Ard arealplan as  |
| <b>Datert/Revidert</b> | 31.08.2021  |

|   | <b>Avsendar</b>                           | <b>Hovudpunkt i merknad / uttale</b>  | <b>Forslagsstillar sine kommentar</b>   |
|---|---|---|---|
| 1 | Statsforvaltaren i Vestland<br>08.06.2021 | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Statsforvaltaren er særleg opptatt av at verknad for naturmangfald, klima, friluftsliv og landskap vert godt nok vurdert og at planforslaget tar omsyn til tema og vurderer om det er naudsynt med avbøtande tiltak. Det må også vurderast om ny næring i område vil føre til auka støy i friluftsområdet og på støykjensle bygg i nærleiken. Dette må i så fall handterast i planarbeidet.</li> <li>2. Det er viktig at tilgang til friluftsområdet vert opprethalden og at tilgangen har kvalitetar som gjer at folk ynskjer å nytte den.</li> <li>3. Ein bør i størst mogleg grad unngå å plassera tiltak i myr. Om ein vurderer å omdisponere myr bør ein undersøke kva type myr det er snakk om og kor mykje klimagassar ein frigir ved utbygging.</li> <li>4. Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.</li> </ol> | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følge. Dette vil bli godt vurdert og eventuelle naudsynte avbøtande tiltak vil bli innarbeidd i planforslaget.</li> <li>2. Tatt til følge. Det vil i planforslaget bli sikra at tilgangen til friluftsområdet vert oppretthalde.</li> <li>3. Tatt til følge. Ein vil gjere undersøkingar av myrane i planområdet og sjå om dei må bevarast, kan flyttast eller kan fjernast. Det vil mellom anna bli gjort fysiske undersøkingar av myrane med prøvestikk for å undersøkje djupna på myrane som grunnlag for berekningar for utslepp av klimagassar.</li> <li>4. Tatt til følge. Ein vil i det vidare planarbeidet vurdere behovet for fleire medverknadsprosessar, eksempelvis barnetråkk registrering og nabomøter.</li> </ol> |
| 2 | Statens vegvesen<br>26.07.2021            | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planområdet har tilkomst frå kommunal veg via rundkøyring på fv. 565. Langs fylkesvegen er det opparbeidd tilbod for mjuke trafikantar og det er etablert ei gangbru over fylkesvegen. Området ligg etter vår vurdering godt til rette for tilkomst gjennom gange, sykkel og bruk av kollektiv.</li> <li>2. Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydeleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt: <ul style="list-style-type: none"> <li>- trafikksikkerheit for ulike trafikantgrupper</li> <li>- tilkomstløysningar</li> <li>- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet</li> <li>- trafikkmønster og reisemiddelfordeling</li> <li>- parkeringsdekning og -behov</li> <li>- framkomst for ulike trafikantgrupper</li> <li>- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden</li> </ul> </li> </ol>  | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering.</li> <li>2. Tatt til følge. Eventuelle verknader planforslaget vil ha for vegtransport og vegnett vil bli utgreia vil bli utgreia gjennom ei trafikkvurdering. Dette vil også bli omtala i planomtalen og ROS-analysen.</li> </ol>  |

|   |                                      |  |  |
|---|--------------------------------------|--|--|
|   |                                      | Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafikksikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast.   |  |
| 3 | Vestland fylkeskommune<br>04.07.2021 | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planprogrammet er lettfatteleg utforma og gjer greie for kva som skal konsekvensutgreiast. Vi ber om at det vert kartlagt eventuelle myrområde innanfor planområde, og evt. verdi av desse for å vurdere konsekvensar av ny utbygging.</li> <li>2. Planprogrammet omfattar ikkje tema som samferdsle, kollektiv eller trafikksikring. Vi legg til grunn at dette vert handsama gjennom ROS-analysen og elles i det vidare planarbeidet. Det er vist til at det skal vere tilkomst til friluftsområde nord for næringsområdet. Behovet for gode trafikale løysingar for alle trafikantgrupper vert forsterka av dette.</li> <li>3. Tilkomst til planområdet om rundkøyring i nordaust er regulert gjennom «Rv. 565 Isdalstø - Alverflaten» vedtatt i 2007. Rundkøyring vart bygd samstundes med at veggen om Isdalstø vart lagt om, rundt 2010. Vi legg til grunn at denne rundkøyringa har tilfredsstillande utbygd infrastruktur både for mjuke og harde trafikantar.</li> <li>4. Krysset i nord er regulert gjennom eit eldre planarbeid «Ikeberget. Del av gnr. 137» vedtatt i 2002. Krysset har ikkje utbygd kapasitet for den bruk som er i dag. Vi meiner at det vidare planarbeidet må vurdere kapasitet og utforming av dette krysset og eventuelt innlemme det i planområdet, før det vert lagt til rette for endra og utvida bruk i krysset.</li> <li>5. Ei trafikkanalyse som vurderer begge kryssområda ved fylkesvegen vil vere eit nyttig verktøy for å vurdere eventuelle behov for utbetring og trafiktrygging av veganlegga. Trafikkanalysen må vurdere avvikling, utforming av anlegg og trafiktryggleik for alle trafikantgrupper.</li> <li>6. Vi har i dag ikkje opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Området har likevel potensial for denne typen kulturminne i samband med bruk av utmark i førhistorisk tid. Slike kulturminne kan blant anna vere jarvinn, tufter og tjøremile. Vi må difor gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen. Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering.</li> </ol> | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følge. Sjå pkt. 3 i uttalen frå Statsforvaltaren</li> <li>2. Tatt til følge. Tema som samferdsle, kollektiv eller trafikksikring vil bli handsama gjennom eigen trafikkvurdering og ROS-analyse.</li> <li>3. Tatt til følge. Det vil bli utarbeida ei trafikkvurdering som bl.a. vil sjå på om rundkøyringa har tilfredsstillande utbygd infrastruktur både for mjuke og harde trafikantar.</li> <li>4. Ikkje tatt til følge. Planforslaget vil ikkje nytte avkøyrsla i nordvest og det vert såleis ikkje vurdert som naudsynt å innlemme krysset i planområdet. Det vil bli sikra i føresegnene at næringstrafikk til planområdet ikkje kan nytte tilkomst frå nord. Dette kan til dømes sikrast med skilting med innkøyring forbode eller liknande.</li> <li>5. Tatt til følge. Det vil bli utarbeida ei trafikkanalyse.</li> <li>6. Tatt til følge. Det vil bli tatt snarleg kontakt med VLFK for å avtale synfaring.</li> </ol> |
| 4 | NVE<br>06.07.2021                    | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terengoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan vere til hinder for avrenning ovanifrå, som igjen kan føre til skader på</li> </ol>  | <ol style="list-style-type: none"> <li>1.-3. Tatt til følge. Handtering av overvatn og løysingar for dette vil bli sett på i VA-rammeplanen som vil bli utarbeidd for planforslaget.</li> </ol>  |

|   |   |  |  |
|---|---|--|--|
|   |   | <p>bygningar og/eller leie overvatnet til stader som ikkje er ynskjeleg.</p> <p>2. NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Eit viktig prinsipp er å sikre ei så «naturleg» overvasshandtering som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga</p> <p>3. De bør kartlegge eksisterande avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og dryging av overvatn innanfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårleg, rår vi til at tiltaka vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.</p> |  |
| 5 | Direktoratet for mineralforvaltning<br>07.07.2021 | 1. Har ingen merknadar.  | 1. Tatt til orientering.   |
| 6 | Frode Nyhammer<br>Alverflaten 85<br>15.06.2021    | 1. Håpar det ikkje vert industri med høgt støynivå eller som framkallar mykje forureining. Til dømes steinknuseverk.   | 1. Tatt til følge. Det vil ikkje bli lagt til rette for industri med høgt støynivå eller som framkallar mykje forureining.   |
| 7 | Hordaland<br>Byggutvikling<br>28.06.2021          | 1. Har ingen merknadar.  | 1. Tatt til orientering.   |
| 8 | Galteråsen<br>Næringsområde as<br>03.06.2021      | 1. Har ingen merknadar.  | 1. Tatt til orientering.   |
| 9 | Trollskogen<br>barnehage<br>22.11.2021            | 1. Barnehagen er ikke varslet om planoppstart og planprogram. Barnehagen har fått fornyet avtale med Alver kommune om bruk av utearealer til barnehagen. Avtale med Alver kommune er lagt ved. (Gbnr. 137/13) Det er ønskelig å fortsette å bruke utearealer slik barnehagen gjør i dag. Dette inkluderer også uteområde som barnehagen ikke har fått fornyet avtale med Alver kommune enda. (Gbnr. 137/804)   | 1. Tatt til følge. Det er beklageleg at barnehagen ikkje blei varsla då dei brukar arealer i og tilgrensande planområdet som uteareal. Barnehagen sin bruk av uteområdet vil bli teke omsyn til i planarbeidet slik at dei også etter ei utbygging av området til næring kan fortsette å nytte seg av uteareala slik dei gjer i dag. |